

Fra: Odd Kenneth Mellingen (Odd.Kenneth.Mellingen@hfk.no)

Sendt: 23.01.2014 11:02:26

Til: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak

Kopi:

Emne: VS: KURE-møte 21.01.14, sak PS 14/14 - Fråsegn til kommunedelplan for Sotrasambandet

Vedlegg: image001.png

Fra: Odd Kenneth Mellingen

Sendt: 23. januar 2014 08:18

Til: Anita Garlid Johannessen; Anne-Beth Njærheim; Gunnar Bakke; Inger Johanne Seim; Kristian Helland; Marianne Sandahl Bjørøy; Natalie Antonia Golis; Neshe Lie; Nils Marton Aadland; Peder Sjo Slettebø; Siri Klokkestuen; Svein Halleraker; Tom Sverre Tomren

Kopi: Anna Elisa Tryti; Bård Sandal; Brit Mari Heggøy

Emne: KURE-møte 21.01.14, sak PS 14/14 - Fråsegn til kommunedelplan for Sotrasambandet

Hei.

Viser til KURE-møte 21.01.14, sak PS 14/14 *Fråsegn til kommunedelplan for Sotrasambandet del II – Liavatnet – Storavatnet – Bergen kommune.*

Administrasjonen har gjort ei gyldigheitsvurdering av røystinga i saka som var som følgjer:

Røysting

Bjørøy sitt forslag fekk 3 røyster (Ap) og fall

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 3 røyster (MDG og V) og fall

Bakke sitt forslag fekk 6 røyster (H og Frp) og fall då møteleiar (V) røysta mot.

Administrasjonen finn at det etter dette ikkje ligg føre gyldig vedtak i saka då ingen av forslaga det vart røysta over fekk fleirtal.

Grunngjevinga ligg i røysteplikta jfr. kommunelova § 40 nr.2 der det m.a. heiter:

Medlem som er til stede i et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ når en sak tas opp til avstemning, plikter å avgis stemme. Ved valg og ansettelse er det adgang til å stemme blankt.

Elles kan også visast til kommunelova § 33. *Vedtaksførhet* der det heiter:

*Et folkevalgt organ kan bare treffe vedtak hvis minst halvparten av medlemmene har vært til stede under forhandlingene **og avgitt stemme i vedkommende sak** (vår utheving)*

Til Bakke sitt forslag kan også nemnast kommunelova § 35 nr.1 – *Avstemninger*, der det m.a. heiter:

Vedtak treffes med alminnelig flertall av de stemmer som avgis, hvis ikke annet følger av denne lov eller av valgloven § 9-2 annet ledd eller § 9-3 annet ledd. Ved stemmelikhet i andre saker enn valg er møteleders stemme avgjørende.

Konsekvensane av dette, vert at det ikkje vert gjeve fråsegn til Bergen kommune i saka. Fylkeskommunen fekk utsett frist til etter at Kultur- og ressursutvalet har handsama saka 21.1.2014.

Venleg helsing

Odd Kenneth Mellingen
Stabsleiar
Kultur- og idrettsavdelinga



Tlf: 55 37 80 23 | Mob: 454 88 612
www.hordaland.no